

VÅRTELJING FRÅ BIL AV HJORT PÅ INNMARK:

Teljinga føregår på 6 faste datoar og klokkeslett innan dei 9 medlemskommunane i Hjorteviltutvalet. Teljinga vil kunne gi oss auka informasjon og kunnskap om utviklinga i hjortebestanden. Teljeresultata/ -skjemane vert handsama felles av Hjorteviltutvalet, og resultat fordelt på teljerute, kommune og for regionen under eit vert utarbeida. Rapport vert sendt attende til kommune for vidare informasjon til villag og teljeruter.

Instruks:

1. Teljerutene må vera faste/like frå teljing til teljing. Rutene teiknast ned på kart og nummererast / namngis. Det kan vera fleire ruter pr kommune / villag.
2. Teljinga føregår frå bil på 6 faste datoar. Teljinga startar kl 23.00. Det er eit føremon med 2 personar i bilen. Lys og kikkert nyttast. Dersom det skulle vera vêrforhold (eks tett tåke) som gjer at det ikkje er mogleg å telje på dei oppsette datoane, kan teljedato endrast med ein dag. Før eventuelt dette opp på teljeskjemaet. Mot slutten av teljesesongen kan og klokkeslettet for teljinga utsetjast noko (hjorten kan trekkje seinare inn på innmarka).
3. Antal kjørte km gjeld berre lengden på teljeruta og skal ikkje innehalde t.d. kjøring til å frå sjølve teljeruta. Ein av målestokkane som vert brukt er sett hjort pr km. Rutene kjørast berre ein gong pr teljedato.
4. Teljeresultat vil kunne variere med kor lang tid ein nyttar på teljinga. Det er ikkje meininga at ein skal sitje å vente på at hjorten kjem fram på jordet. Noter likevel ned klokkeslett teljinga startar og kva tid ein avsluttar.
5. Under "lokalitet" kan ein dersom ein ynskjer det, namngi dei einskilde jordene / teljestadane langs teljeruta.
6. Dersom ein ikkje klarer å identifisere dyra, (om det er vaksen bukk, hind, spissbukk, kalv) fører ein dyra under rubrikken for "ukjent". På skjema er det og to rubrikkar der ein kan skrive ned sum observerte rådyr og elg. Det nyttast nytt skjema for kvar teljedato.
7. Etter at teljinga er avslutta sendast skjema snarast inn til aktuell kommune v/viltansvarleg.
8. Gi tilbakemelding dersom du har forslag til forbetringar eller endringar i teljeopplegget.

Bruk 1 skjema pr dato. Prøv om du kan "identifisere" flest mogleg dyr.
Frist for innsending av teljeskjema til kommunen er torsdag 20.mai